



Revidert utviklingsplan 2019-2021

Sogn Jord- og Hagebrukskule



**SGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE**

Innhald:

	Innleiing om prosess og innhald 2019	s. 4
1	Visjon, verdiar og samfunnsoppdrag	s. 5
2	Fellesskap og utviklingskultur: ny organisasjonsplan SJH	s. 6
3	Pedagogisk drift og utviklingsarbeid	s. 7
4	Drift og utvikling av skulegardsbruket	s. 8
4b	Lokal foredling: utvikling, undervisning og produksjon	s. 9
5	Drift og utvikling av administrasjon og verksemder	s. 10
5a	Drift og utvikling av skuleadministrasjon	s. 10
5b	Drift og utvikling av internat og kjøkken	s. 10
5c	Drift og utvikling av gardsbutikken	s. 11
6	Ressurssenter: kurs, fagleg nettverksarbeid og oppdrag	s. 11
6a	Inn på Tunet	s. 12
6b	Faglege nettverk og alliansar	s. 13
6c	Informasjon- og kommunikasjonsstrategi	s. 14
7	Forvaltning av bygningar og eigedomar	s. 15

VEDLEGG:

Ny organisasjonsplan for SJH (til pkt 2)

Pilotprosjekt jordfruktbarheit og karbonbinding (til pkt 3)

Planar for nytt ysteri ved SJH (til pkt 4)

Utviklingsplan 2019-2021

Sogn Jord- og Hagebrukskule

Utviklingsplanen for SJH 2018-2021 legg til grunn at hovudsatsinga dei nærmeste åra skal vere å bygge *fellesskap og utviklingskultur* blant alle tilsette og elevar. Saman med fleire prosjekt- og tiltaksplanar er utviklingsplanen basis og ramme for arbeidet ved SJH i perioden 2018-2021. Fokuset på *leiring* av utviklingskultur som ligg i planen, speglar intensjonane i fylket sin nye mål- og strategiplan for vidaregåande utdanning i Sogn og Fjordane 2018-2021 'Mot nye høgder'.

Sogn jord- og hagebrukskule skal fortsatt ha ein *tydelege fagprofil* retta mot økologisk landbruk og berekraftig samfunnsutvikling. Skulen sitt samfunnsoppdrag er å *bidra aktivt* til den endringa og skiftet som må til for ny berekraftig samfunnsdanning både lokalt, nasjonalt og internasjonalt.

Skulen skal vere ein *inkluderande* danningsarena for alle, både elevar og tilsette. I dette arbeidet er ansvar, arbeidsglede, trivsel og gode relasjoner mellom elevar og tilsette eit viktig fundament.

Om revideringsprosessen 2019

Med utgangspunkt i utviklingsplanen frå 2018 og tiltaka der, har me gjort ei vurdering innafor kvart oppgåveområde. Kva tiltak er gjort og avslutta (grøn)? Kva tiltak er i god gang (gul)? Og kva tiltak er ikkje blitt gjennomførte (kvit)? I dialog med avdelingsleiarar og fagansvarlege har rektor leia revideringa. Fyrste skisse blei presentert på personalsamlinga i januar, og det var då opna opp for innspel frå alle tilsette.

Målet er at utviklingsplanen blir eit aktivt dokument som me kan bruka til å minne kvarandre på kva me har sagt at me skal gjere – og eventuelt endre på undervegs. Innafor kvart oppgåvefelt er det gjort ei samanfatning på fokus i 2019 i boksen som heiter 'gjennomføringsstrategi'.

Om innhaldet i planen – behov samlande mål inn i nytt fylke

Kapittel 1 fører vidare visjon, verdiar og samfunnsoppdrag i SJH sin utviklingsplan frå 2012-15 og innarbeidning av innspela frå eit gruppearbeid med alle tilsette. Kapittel 2 er ein overordna ny organisasjonsplan for drift, administrasjon og utvikling i alle avdelingar og einingar. Dei neste 4 hovudkapitla i planen (3, 4, 5, 6) gjev utviklingsmåla innan kvar av dei 4 avdelingane. Kapittel 7 omhandlar forvaltning av bygningar og eigedomar, som skjer i nært samarbeid. Det har vore eit poeng at tiltaksområda er presentert på ein måte som samsvarar med ansvarsområda i den nye organisasjonsplanen.

Mange innsatsfelt har greiner inn i fleire avdelingar, til dømes undervisning og foredling. Fagleg har skulen ei rekke team som jobbar *på tvers av avdelingane* skule, kompetansesenter og gard. Sidan handlingsplanen er verktøy for ei tydeleggjering av ansvar og prioriteringar både for drift og utvikling innafor avdelingar og einingar, ligg inndelinga i tiltak og ansvar *under avdelingane*.

I samband med etablering av det nye Vestland Fylkeskommune frå 2020 er det eit hovudmål i 2019 at me jobbar fram overordna mål for SJH. Dette vil bli jobba med i leiargruppa våren 2020. Leiinga og dei tillitsvalde er også einige om at me skal ha fokus på HMT og arbeidsmiljø H2020.

1 Visjon, verdiar og samfunnsoppdrag

Motto:

I tida, for framtida

Visjon:

Eit nasjonalt, regionalt og internasjonalt utdanningssenter for økologisk landbruk og berekraftig samfunnsutvikling.

Verdiar:

Glede ved: å lære noko nytt - mestring – å ha ei meiningsfull rolle i fellesskapet –det enkle

Innsikt i: oss sjølve – i naturen og det levande – verda og menneska rundt oss – ha orden

Samspel: økologi er å arbeide *med* naturen – handle i samsvar – vise respekt – vere audmjuk

Autentisk: open og ærleg - sjå resultat av handlingar – bli glad i det vi jobbar med - læringsrom

Samfunnsoppdrag:

Vera ein lærestad som fremjar økologisk heilskap i landbruk og samfunn.

- gje opplæring som kombinerer *praksis og teori*
- gje opplæring som er *tilpassa* eleven sine føresetnader og behov
- gje opplæring basert på *tradisjon og nyskaping*
- gje opplæring i *entreprenørskap* og nye næringar i landbruks

Vera eit nasjonalt og internasjonalt kompetansesenter for utdanning innan:

- økologisk landbruk
- småskala matforedling og omsetning
- økologisk retta entreprenørskap og næringsutvikling

- delta i relevante nettverk og synleggjere desse
- ha eit internasjonalt fokus for tilsette og elevar

Vera ein lokal kulturerbar og regional utviklingsaktør ut i frå:

- eit inkluderande menneskesyn
- fagleg tradisjon og nyskaping
- rikt kulturelt og sosialt miljø
- samspel med lokale aktørar
- samspel med det offentlege

2 Fellesskap og utviklingskultur: ny organisasjonsplan SJH

Ambisjon: "Klårt ansvar og godt samspspel

Tiltak	Ansvar	Tid
Ny organisasjonsplan for SJH	rektor / avdelingsleiarar	jan 2018
Ansvarsdeling og klargjering av funksjonar mellom rektor og avdelingsleiarar	rektor / avdelingsleiarar	1. kv. 2018
Ansvarsdeling og klargjering av funksjonar innafor avdelingane	avdelingsleiarar	1. kv. 2018
Årshjul for faste oppgåver innafor avdelingene	avdelingsleiarar	2018
Plan for utviklingsarbeid i kvar avdeling	rektor/ avdelingsleiar	2018
Utviklingsarbeid i avdelingene	rektor / avdelingsleiar	2018 - 21
Utvike kompetanse og ta i bruk ny teknologi og nye digitale verktøy i avdelingene og einingane	leiing / avdelingsleiarar	2018 -21

Gjennomføringsstrategi

Ny organisasjonsstruktur med tydelegare arbeidsdeling og delegering av oppgåver mellom rektor og dei tre avdelingsleiarane. Fast møtestruktur for samarbeid mellom rektor og avdelingsleiarane, kvar for seg og samla. Eigne leiargruppeseminar med ekstern hjelp til å jobbe fram felles mål for skulen og for arbeidet i leiargruppa: jobbe for samansveisa leiing.

Fast møtestruktur i avdelingane og einingane, både for daglig drift og utviklingsarbeid. Få fram klåre mål for arbeidet i avdelingane og einingane. Budsjett og økonomistyring knytt til kvar avdeling blir leia av avdelingsleiar. Personalansvar og utviklingsamtaler delegerast, og koplast til arbeidet med å utvikle felles ansvar for arbeidsmiljø og kompetanseutvikling.

Utvike ein kompetanseplan for SJH (2019-21) som støtter opp om utviklingsplan. Ha ein aktiv dialog kring SJH si rolle og oppgåve inn mot det nye Vestland Fylke.

3 Pedagogisk drift og utviklingsarbeid

Ambisjon: "Kompetente lærarar, motiverte elevar som tek del i eiga læring"

Tiltak	Ansvar	Tid
Sikre og styrke landslinja si rolle ved SJH nasjonalt	leiing / ped leiar	2018-21
Styrke gardsbruket og utmarka som læringsarena – større samspel mellom gard og klasserom	ped personale, leiarar	2018-21
Styrke og formalisere vårt samarbeid med næringa; utplassering, bedrifts-/gardsbesøk mfl.	ped personale, leiarar	
Strukturert <i>program for innhald i lærarmøta</i>	pedagogisk leiing lærarkollektivet / ped leiar	vår 2018 2018-21
Klargjere <i>ansvar- og møtestruktur for fagteam</i>	ped leiar / fagansvarlege	1. kva 18
Klargjere <i>ansvar, struktur og rutiner</i> for kontaktlærar- og koordinator i tilpassa opplæring	koord tilpassa opplæring / ped leiar	1. kva 18
Utproe/utvikle <i>delingskultur</i> mellom lærarane	fagansvarlege / lærarar	2018 - 21
Betre individuell <i>progresjon i læringsløpet Vg2-3</i> med vekt på samanheng og individuell tilpassing	lærarkollektivet	2018 - 21
Gode planar for formativ og summativ <i>vurdering og eigenvurdering i faga</i> . Deling og felles kultur.	fagansvarleg / lærarar	2018 – 21
Fagleg utviklingsarbeid og <i>kompetanseutvikling</i>	leiing / lærarar	2018 – 21

Gjennomføringsstrategi

Gode møterutinar: Pedagogisk leiing har ansvar for å strukturere program, innhald og linjer i lærarmøta. Fagansvarleg og fagteam har ansvar for å nytte bunden tid til fagleg deling og samarbeid omkring vurderingsarbeidet. Gode møterutinar med merksemd på lange linjer (planlegging, gjennomføring og evaluering).

Timeplanlegging: timeplanarbeidet må verte meir rasjonelt, der alle faglærarane tek meir aktivt del i langtidsplanlegging og kontroll av undervisingstimar. Det vert utarbeida ein planleggingsmal i Excel til bruk i alle fag frå skuleåret 2019-2020.

Meir deling: Me har hatt fokus blant anna på deling av undervisingsopplegg. Dette har ført til eit større medvit omkring gardsbruk og utmark som klasserom, mellom korleis tverrfaglege tema vert undervist og meir samanhengande overgang mellom Vg2 og Vg3.

Vurdering for læring: Vurdering er eit anna fokusområde, som ei oppfølging etter skulevurderinga som vart gjennomført i 2015. Fortsatt fokus på arbeid med vurdering i 2019. *Kvalitetsgruppa* er ei vidareføring av dette arbeidet og vart sett ned hausten 2018 med mandat frå Opplæringsavdelinga. Kvalitetsgruppa skal ha fokus på ei felles styrking innan området *vurdering for læring*. Våren 2019 organiserte gruppa fagtur for pedagogar og leiing, der eit av delmåla var å setja skulegardsdrifta i sterkare samanheng med opplæringa elles.

Kompetanseplan: Fleire lærarar har vore på kurs eller planlegg kursing dette skuleåret. Mål i 2019 at me får utarbeidd ein kompetanseplan for dei komande tre åra.

4 Drift og utvikling av skulegardsbruket

Ambisjon: "Auka jordfruktbarheit og klår ansvarsdeling"

Tiltak	Ansvar	Tid
Årshjul for alle einingane for å sjå fagområde, arbeidsområde og arbeidsmengd i samanheng	avdelingsleiar eininga	vår 2018
Beskriva funksjonar og ansvarsdeling innafor alle einingane: tilsett får ansvar både for eit eige område og fellesansvar (drift, adm og utvikling)	eininga avdelingsleiar leiing	vår 2018
Kommunikasjon og møtestruktur for planlegging og evaluering både innan og mellom einingane. Samordne drift, øving og undervisningsplaner	eininga (måndagsmøte) avd leiar (kvartalsmøte) avd leiar / ped leiar (årleg)	vår 2018
Hospitering: utprøve samarbeid, utveksling og hospitering for trivnad, synergি og kriseløysing	utprøving – pilot avd leiar/koordinator	1.kvart 2018 – 21
Hjelp til sjølvhjelp: oppdatere seg på alt teknisk utstyr som trengs innafor fag/arbeidsområdet	verkstad/eining	2018 – 21
Økonomistyring: få oversikt over status på kvartalsmøta. Ha neste års budsjett i november.	adm / eining	2018 – 21
Auka jordfruktbarheit: drifts- og vekstskifteplan med fokus på å auke jordfruktbarheita.	avd leiar / ped leiar	2018 – 21
Fagleg oppdatering og påfyll internt og eksternt	avd leiarar / leiing	2018 – 21
Utgreie tydelegare mål for husdyrhaldet	eining/avdleiarar/leiing	1.kvart -18
Utgreie tydelegare mål for jord og hagebrukseiningane	eining/avdleiarar/leiing	1.kvart-18

Gjennomføringsstrategi
Organiseringsplan: <i>Funksjonar/ansvarsdeling og kommunikasjon/møtestruktur</i> er handsama i einingane i 2018. Det som står att er <i>tydelegare mål</i> for at det skal bli ein samanheng i organiseringa. Tek sikte på å handsame dette i 1. kvartal – 2019. Husdyrværinga har arbeidd meir konkret denne hausten og står betre rusta til å klargjere mål for si verksemd. Gode møterutinar med merksemrd på planlegging, gjennomføring og evaluering
Utviklingsarbeid: Avdelingsleiar har ansvar for prosessar og innhald i utviklingsarbeid. Me vil ha fortsatt fokus på jordfruktbarheitsprosjekt. Fokus på utviklingsplan for frukt og bær gjennom kurs i 2019. Tydelege funksjonar i alle einingar, ansvar og person fylgjer funksjon
Økonomistyring: arbeid med investeringsbudsjett, ta ut rapportar kring økonomistyringa. Viktig å jobbe med ein meir langsiktig og samla salstrategi for landbruksprodukta i frå SJH.

4b Lokal foredling: utvikling, undervisning og produksjon

Ambisjon: "Vidareføre utviklinga av rolla som kompetansesenter"

Tiltak	Ansvar	Tid
Bygging av nytt gardsysteri	BET / rektor/ped leiar / faggruppe	2018
Drifts- og bruksplan for gardsysteri	rektor / ped I / faggruppe	vår 2018
Oppgradere eldhus – god standard	eldhus-ansvarleg / leiing	vår 2018
Pedagogisk utv: tettare på prosessar og sesong	faggruppe foredling, ped	2018
Kompetanseutvikling	leiing / tilsette	2018 - 21

Gjennomføringsstrategi
Oppgradere eldhus: Det har i 2018 vore gjort viktige grep for å oppgradere eldhuset, står enno att å få på plass ein oppvaskmaskin og nokre inventar.
Bygging av nytt gardsysteri: Det er planlagt bygd nytt ysteri våren 2019, skal stå ferdig til 30.08.2019. Brukargruppe: Viktig med tett og god kommunikasjon inn mot brukargruppa i byggefase, gardsstyrar er koordinator for kommunikasjon inn mot BET og entreprenør, han blir med på byggemøter.
Driftsplan for gardsysteriet. Me treng våren 2019 lage ein plan for produksjon i samband med undervisning, og produksjon for sal. Lage ein forretningsplan for volumproduksjon, i tillegg til ein bruksplan for korleis og når ysteriet skal nyttast som læringsarena. Arbeidet med ein sal-strategi må skje i samanheng med ei overordna sal-strategi for andre produkt.
Utnytte det nye kjøkkenet: viktig med tett samarbeid mellom foredlingsfaget og kjøkenet, når me får ny kokk på plass. Dette gjeld både i samband med undervisning og kurs. Sjå på moglegheiter og inn mot fleirkulturelle arenaer ved skulen, arbeidstrening og matkultur.
Foredling av gardens produkt: både inn mot undervisning, kurssamanheng og i drifta av skulen sitt kjøken er det eit stort potensial i foredling av gardens produkt. Sjå dette i lys av tilsetting av ny økologisk kokk.

5 Drift og utvikling av administrasjon og verksemder

5a Drift og utvikling av skuleadministrasjon

Ambisjon: "Effektiv administrativ arbeidsdeling og god økonomistyring"

Tiltak	Ansvar	Tid
Tydelege strukturar for <i>ansvar og arbeidsdeling</i> mellom adm , leiargruppa og avdelingene	adm leiar / kontorans	Vår 2018
<i>Opplæring</i> av avdelingene kring administrative og økonomiske oppgåver	adm leiar / kontorans	Vår 2018
Utvikle/utprøve nye <i>budsjettutrinar</i>	adm leiar	2018
Faste <i>økonomimøter</i> med avdelingene	adm leiar / kontorans	2018 - 21
Kvartalsvise <i>økonomimøter</i> i leiinga	leiinga	2018 - 21
<i>Kursing</i> og utdanning i nye digitale system	adm leiar / kontorans	2018 - 21
Betre <i>inntening</i> til administrative tenester	avd leiar ressurssenteret	2018 - 21

Gjennomføringsstrategi

Gode møterutinar: Gode møterutiner med merksemd på langsiktige strukturforbetringar
Fristille tid: Avdelingsleiar får fristilt tid til å jobbe med desse langsiktige oppgåvene. Tett samarbeid mellom avdelingleiar og kontor-ansvarleg i steg for steg for å forbetra rutinar og system.

Ansvar og roller: Tydeleggjering av ansvar og oppfylging i alle avdelingar og einingar
Oppstart av VismalnSchool er utsett.

5b Drift og utvikling av internat og kjøkken

Ambisjon: " Internat og kjøkken er hjarte i skulen"

Tiltak	Ansvar	Tid
Plan for utvikling av internatdrifta	leiargruppa / kjøkkensjef	1. kv 2018
Utvikling av internatdrifta	adm leiar / kjøkkensjef	2018 – 21
Økonomistyring kjøkken	adm leiar / kjøkkensjef	2018 – 21
Kompetanseutvikling	leiing / tilsette	2018 - 21

Gjennomføringsstrategi

Månadlege møte: Dei nye rutinane for månadlege møte og dialog mellom adm. leiar, kjøken, tilsette og elevar vert vidareført.

Opprusting av internat: plan for opprusting av 2. etasje innan 30.08.2019. Etablering av ei brukargruppe. Fornying av inventar: kontakt m venneforeininga kring utgifter til inventar

Utviklingsplan: det er naturleg at utvikling av kjøken og internat blir lagt opp i tett dialog med den som blir tilsett som ny kokk på kjøkenet.

5c Drift og utvikling av gardsbutikken

Ambisjon: "Auka kundekrets og god økonomistyring"

Tiltak	Ansvar	Tid
Fornyinga av opphalds- arbeidsrom ferdigstillast	leiinga / but leiar / ha koord	1. kv 2018
Ferdigstilling av butikkområdet ute / butikkhage	leiinga / but leiar	vår 2018
Strategi for økonomistyringa av drifta	adm leiar / rektor / but leiar	vår 2018
Betre kundegrunnlaget lokalt	but leiar / marknadsansv	2018 - 21

Gjennomføringsstrategi

Kommunikasjon: Lage gode rutiner på kommunikasjon mellom adm og butikk. Vidareføre godt samarbeid mellom marknadsf. ansv. og butikk.

Opphalds- og arbeidsrom: Fornyinga av opphalds- arbeidsrom: ferdigstillast .

Butikkområdet ute: Det blei lagt ned eit stort arbeid i å få ferdig gruslagt og avgrensa butikkområde ute, Dette blei i 2018 ferdig som i plan , viktig å ha eit godt og avgrensa areal ute for butikksalet våren 2019.

6 Utvikling av ressurssenter: kursdrift og oppdrag

Ambisjon: "Vidareføre utviklinga av rolla som kompetancesenter"

Tiltak	Ansvar	Tid
Arbeidsplan for arbeid med utviklingsplan	Rektor/avd. leiar / tilsette	feb 2018
Utviklingsplan for ressurssenteret (2018-21)	Rektor/avd. leiar / tilsette	vår 2018

Gjennomføringsstrategi

Utviklingsplan for ressurssenteret: God involvering av tilsette i utforming av *prosessen og stega* i planarbeidet. God forankring i dei andre avdelingane i arbeidet med å utforme *planen*.

6a Inn på Tunet

Ambisjon: "Vidareføre utviklinga av rolla som kompetancesenter"

Tiltak	Ansvar	Tid
Utvikle informasjonsmateriell om tilbodet	IPT fagansv / marknadsf ans	vår 2018
Ferdigstille oppgradering av kommunehus	IPT fagansv / leiing	feb 2018
Ny bruksplan for kommunehuset	IPT fagansv / leiing	feb 2018
Jobbe for langsiktige avtalar	IPT fagansv / adm leiari	2018 - 21
Utvikle SJH til ei kompetansebedrift for IPT	IPT fagansv / leiing / tilsette	2018 - 21
Vidareutvikle språkpraksis for flyktninger	Fagansv språkpr / leiing	2018 - 21
Kompetanseutvikling og faglig utvikling	IPT fagansv / leiing	2018 - 21

Gjennomføringsstrategi

Ferdigstille oppussing av kommunehus: dette arbeidet er no ferdig. Huset fungere godt til sitt formål.

Organisering: Klare ansvarsroller, funksjonar heime og ute (sjå vedlegg). Gode møterutinar og kommunikasjon i den daglege drifta, god kommunikasjon med NAV og fagmiljø.

Utvikle SJH til ei kompetansebedrift for IPT: Dette planarbeidet startar opp før påske 2019.

6b Faglege nettverk og alliansar

Ambisjon: "Tydeleg utviklingsaktør lokalt, nasjonalt og internasjonalt"

Tiltak	Ansvar	Tid
<i>Lokalt og regionalt:</i>		
Aurlandsdalen og Sinjarheim: samarbeid lokalt	rektor / faggruppe	2018 - 21
Utvikle stadsbasert læring / garden som ressurs	rektor / leiing / faggruppe	2018 - 21
Organisk avfallshandtering: samarbeid regionalt	rektor / faggruppe	2018 - 21
Foredling og omsetning av lokal mat	leiing / faggruppe	2018 - 21
Utvikling av nytt gardsysteri ved SJH	leiing / faggruppe	2018 - 21
<i>Nasjonalt:</i>		
Utgrei eiga rolle som landsline både fagleg og samarbeidsrolla til dei andre skulane.	Etablere arbeidsgruppe	vår 2018
Samarbeide med landbrukskular som vil ØL	rektor / ped leiar	2018 - 21
Delta aktivt i faglege nettverk i ØL	rektor / avd leiarar / tilsett	2018 - 21
<i>Internasjonalt:</i>		
Greie ut mulegheiter for ungdomsutveksling: Aktivungdom.eu	rektor / arbeidsgruppe	vår 2018
Økologisk entreprenørskap ERASMUS +	rektor / prosjektleiar	2018-19
Evaluere og vurdere vidareføring ERASMUS +	Rektor/ leiing / prosjektleiar	haust 18
Utgrei og finne form på internasjonalt arbeid og nettverk – samvirke med regional satsing	rektor / arbeidsgruppe	vår 2018

Gjennomføringsstrategi

Alle tiltaka er finansiert prosjektbasert. Helst langsigktige prosjekt. God faglige nettverk ute og i god forankring inn mot drift og undervisning. Tydelige prioriteringar på kva vi jobbar med over tid. Få god økonomisk forankring.

Økologisk entreprenørskap og økonomi: ERASMUS+ prosjektet vil vår og haust 2019 ha tre seminar som involverar SJH. Involvering av elevanr (Vg3-Næringsdrift, Vg2-FD) og garden i dette arbeidet

Foredling og omsetning av lokal mat **Arbeidet med ei slik utgreiing er ikkje gjort i 2018. Bør starte arbeidet i 2019.**

Utgrei eiga rolle som landsline både fagleg og samarbeidsrolla til dei andre skulane. **Arbeidet med ei slik utgreiing er ikkje gjort i 2018. Bør starte på dette arbeidet vår 2019.**

Utgrei og finne form på internasjonalt arbeid og nettverk **Arbeidet med ei slik utgreiing er ikkje gjort i 2018. Bør starte på dette arbeidet vår 2019.**

6c Informasjon- og kommunikasjonsstrategi

Ambisjon: "God flyt heime, klår stemme ute"

Tiltak	Ansvar	Tid
Utarbeiding av informasjons- og kommunikasjonsstrategi for SJH 2018-21	info ansv / rektor / leiing	vår 2018

Gjennomføringsstrategi

Bygge vidare på dei strategiane og strukturane som har vore utvikla dei siste 2 åra. Lage gode rutiner på kommunikasjon mellom informasjonsansvarleg, avdelingane, adm og leiing.

*Utarbeiding av informasjons- og kommunikasjonsstrategi for SJH 2019*21 Spira har ikkje avslutta denne strategien i 2018. Naturleg å gjere den ferdig haust 2019.

7 Forvaltning av bygningar og eigedomar

Ambisjon: "Føre vidare fornyinga, både inne og ute"

Tiltak	Ansvær	Tid
<i>Forvaltning og vedlikehald av bygningar:</i>		
Føre vidare vedlikehald: 3 årig plan 2018-21	rektor / BET / leiing	1. kv 2018
Ferdigstille ny parkeringsplass, inkl. lausmasser	rektor / avd. leiar gard / BET	1. kv 2018
Ferdigstille butikkhage og jubileumshage	rektor / avd leiar g/ ha koor	2018
<i>Uteareal og tunplan:</i>		
Beplanting og vedlikehaldsplan for nytt tun	rektor / avd leiar g/ha koor	1. kv 2018
Oppgradering av eksisterande tunplan frå 1997	rektor / avd leiar g/ha koor	vår 2018
<i>Eigedomar:</i>		
Tinglysing og bruksplan for Vinjane	rektor / avd. leiar gard	1 kv 2018
Restaurering og bruksplan for Prestanaustet	rektor / leiing / BET	2018
Restaurering og bruksplan for Nyheim	rektor / leiing / BET	2018
Bruksplan med kommunen kring ny barnehage	rektor / leiing	2018
<i>Leige og driftsamarbeid:</i>		
Avklaring av samarbeidsavtale i Kårdalen	rektor / fagansv husdyr/ avd. leiar gard	jan 2018
Fornying av eksisterade leigeavtalar (Lunde)	rektor / avd. leiar gard	vår 2018
Ny avtale og bruksplan m Sinjarheim SA	rektor /leiargr/ styremedl SA	1. kv 2018
Fornye avtale med ABU om Levande Skule	Rektor / levande skule koord	vår 2018
Fornying av samarbeid med Indre Sogn Kystlag kring leige og bruk av sognabåten	rektor / kontaktperson ISK	1. kv 2018

Gjennomføringsstrategi
Renovering: Føre vidare gode rutinar for samarbeid og langsiktig planarbeid med BET.
Føre vidare avtaler og samarbeid kring andre arenaer skulen nytter i samband med skule- og gardsdrift. <i>Føre vidare vedlikehald: 3 årig plan 2019-22 (sjå eige dokument)</i>
Restaurering: Restaurering og bruksplan for Prestanaustet
<i>Uteareal:</i> Ferdigstille butikkhage og jubileumshage. <i>Beplanting og vedlikehaldsplan for nytt tun</i>
Avtaler: Avklaring av samarbeidsavtale i Kårdalen. Fornye avtale med ABU om Levande Skule Fornying av samarbeid med Indre Sogn Kystlag kring leige og bruk av Sognabåten.